



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 21, 8. juni 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, johann.roppen@hivolda.no.

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)

Nyhendebrevet held fram hausten 2023

Frå 1. august 2023 vert det ny rektor på HVO, og Odd Helge Mjellem Tonheim tek også over ansvaret for nyhendebrevet. Nyhendebrevet vil som før bli sendt ut på torsdagar, ca. kl 12.00. Tilsette på kontor for kommunikasjon vil også bidra med å skrive nyhendebrevet. Og hald fram med å sende tips og kommentarar!



Siv Gamlem inn i "Skjermbrukutvalet"

Regjeringa har peika ut professor Siv M.

Gamlem som ein av medlemmene i

[Skjermbrukutvalet som skal sjå på konsekvensar av barn og unges skjermbruk og foreslå tiltak.](#)

Utvalet vart peika ut 2. juni, og eit anna medlem i utvalet er professor Anne Mangen, UiS, som [tidlegare har vore tilsett ved Høgskulen i Volda \(AMF\).](#)



Heider for vitskapleg publisering

Heile 13 tilsette ved Høgskulen i Volda (HVO) debuterte med vitskapleg publisering i 2022.

Som takk for strevet har dei alle fått ein unik kopp med sin eigen artikkeltittel påtrykt.

Heretter blir ein slurp kontorkaffi ei fin påminning om kva ein har fått til.

[LES MEIR](#)

LES MEIR

FESTSPELA

8.-11. juni 2023



Dei nynorske festspela: 8.-11. juni

Dei nynorske festspela i Ørsta og Volda blir arrangert 8.-11. juni. Årets festpeldiktar er Kari Stai og på konsertprogrammet står blant andre Bjørn Eidsvåg og Sigrid Moldestad. Årets tingingsverk vert framført inst i Romedalen i Ørsta. På programmet bidreg også fleire tilsette ved HVO.

LES MEIR



Khrono-debatt om språk fredag 9. juni

Nettavisen Khrono har no vorte 10 år, og markerer jubileet blant anna med ein debattturnè på høgskular og universitet. Fredag 9. juni blir det Khrono-debatt på Høgskulen i Volda, og temaet er [Handlingsplanen for norsk fagspråk](#). Nynorsk kultursentrum er medarrangør. Dette er ein frukostdebatt som startar i Sivert Aarflot-huset kl 09.00, og interesserte kan møte opp til gratis frukost frå kl 08.30.

LES MEIR

Fag og forskning

HVO fekk 500.000 for søknadsarbeid mot Horisont Europa

Høgskulen i Volda har fått ei løyving på kr 500.000 frå Forskningsrådet til bruk i søknadsarbeid inn mot Horisont Europa-prosjekt. Midlane er innanfor ordninga PES (Prosjektetableringsstøtte). Det er Forskningsadministrasjonen som har sendt søknaden og fått løyvinga, og vil kome tilbake med meir

informasjon om korleis pengane skal nyttast internt på HVO.

Fem kurs i høgskulepedagogikk i 2023/2024

Alle tilsette på HVO har fått e-post frå Silje Ims Lied med informasjon om at det blir arrangert fem kurs i høgskulepedagogikk det komande studieåret. Dei fem kursa er desse: Digital didaktikk i mitt fag, Rettleiing på mastergradsnivå, Pedagogisk basiskompetanse, Rettleiing på kvantitativ metode og Formidling i høgare utdanning. Det siste kurset går våren 2024 - dei andre kursa går hausten 2023. Påmeldingsskjema kjem før sommarferien. [Les meir om utdanningsfagleg kompetanse og kursa her.](#)

Debatt: Brønne og Hasle om PPU og praktiske og estetiske fag

Karen Brønne, AKF og Kari Hasle, ASH, har saman med Hans Ole Rian i kunstnarorganisasjonen CREO skrive ein kronikk i Khrono: "Om ikkje opptakskrava for praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) vert endra frå 2025, vil vi årleg tape fleire hundre uteksaminerte lærarar i praktiske og estetiske fag. Mest utsett er rekrutteringa av kulturfaglærarar i distrikts-Noreg", skriv forfattarane. [Les heile debattinnlegget i Khrono.](#)

Forskarskulen Profres: Søknadsfrist for opptak: 15. august 2023

Forskarskulen Profres 2.0 ("Den tverrfaglege og tverrprofesjonelle forskarskulen for praksisnær forskning) har søknadsfrist for opptak 15. august 2023. Høgskulen i Volda er ein av partnarane bak Profres, og forskarskulen er innretta mot helse, velferd og utdanning. [Her er meir informasjon om forskarskulen og om opptaket.](#)

Forskarskulen WNGER II

Forskarskulen [WNGER II](#) (Vestlandets forskarskule for pedagogikk- og utdanningsforskning) vert utvida til 15 medlemsinstitusjonar frå hausten 2023. Kursporteføljen er oppdatert for å ta høgde for dette. Her er kurslenka til alle kursa i WNGER II: <https://www.uib.no/fs/wnger-ii/kalender>. Deltaking på doktorgradskursa i WNGER II er prioritert som følgande: 1. Ph.d.-kandidatar tilsett ved ein medlemsinstitusjon og medlem i WNGERII. 2. Andre ph.d.-kandidatar som er tilsett ved medlemsinstitusjon i WNGER II. 3. Andre tilsette ved medlemsinstitusjonane i WNGER II. Kursa er både digitale og fysiske. Det er maksimalt 20 deltakarar på kvart av desse WNGER II-kursa. [For ph.d.-rettleiingar har kvar institusjon også to kursplassar på eit årleg rettleiarseminar.](#) Oversikt over [alle forskarskular som HVO er medlem i finn du her.](#)

Studium og studentliv

HVO fekk 2 millionar til internasjonalisering

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) har tildelt Høgskulen i Volda 2 millionar kroner (168.000 Euro) som skal brukast til internasjonalisering gjennom ERASMUS+ ordninga. Pengane skal brukast til stipend for studentar og tilsette, hovudsakleg til studieåret 2023/24. Beløpet er i tråd med det som vart søkt om. Dei som er interessert i å vite meir om Erasmus+ stipend for studentar og tilsette kan ta [kontakt med Internasjonalt kontor](#).

Karrieredagar 27. og 28. september

Karrieredagane går av stabelen i Ørstahallen 27. og 28. september. Høgskulen i Volda ved rådgjevar Torill Engeset er prosjektkoordinator og har ansvaret for den overordna planlegginga av arrangementet, som er retta mot 10. klassingane i grunnskulane på Søre Sunnmøre. Alle programområde i vidaregåande opplæring vil vere representert, i tillegg til ein post for høgare utdanning i Møre og Romsdal ved Høgskulen i Volda, Høgskulen i Molde og NTNU. [Les meir på nettsidene våre](#).

Eksamensperioden nærmar seg slutten

Vårsemesterets eksamensperiode nærmar seg slutten, og dei fleste eksamenar er allereie gjennomført. Den aller siste eksamenen i vår vert levert inn den 23. juni. Når eksamensperioden er ferdig har det vorte arrangert over 400 eksamenar ved Høgskulen i Volda. [Oversikt over eksamensperiodar til hausten og andre studierelaterte fristar finn de her](#).

Aklestad får permisjon for å arbeide med politikk

[Rådgivar Marit Aklestad](#) som er administrativt ansvarleg for Studenttinget skal ha eit års permisjon for å arbeide med politikk, både i samband med valkampen og etterpå. Vikariat for Aklestad vert lyst ut om kort tid.

Studentombodet har sagt opp

Høgskulen i Volda har studentombod i lag med Høgskulen på Vestlandet (HVL). No har studentombod Gøril Hillersøy sagt opp stillinga, og HVL og HVO arbeider for å finne ei ny løysing. Samarbeid med fleire andre institusjonar kan vere eitt alternativ. Tenesta som studentombod vil uansett halde fram sjølv om studentombodet har sagt opp. [Les meir om studentombodet på nettsidene våre](#).

Kantina i sommar

Framover blir det redusert tilbod i kantina - det blir berre varm mat i varmeskapet, men også litt ymse godsaker. Siste opningsdag før sommarferien blir fredag 23. juni. Første opningsdag etter sommarferien blir måndag 7. august.

Styre og stell

Møte i høgskulestyret torsdag 15. juni

Høgskulestyret har sitt siste møte før sommarferien torsdag 15. juni. Dette blir også det siste møtet for det [sittande høgskulestyret som har fungert i fire år](#). Styresakene er [tilgjengelege på nettsidene våre](#). På dagsorden står blant anna forskingsmeldinga, strategisk gjennomgang av studieporteføljene og tildeling av FoU-prisen.

Sommarstenging på Høgskulen i Volda

Høgskulen i Volda vil halde sommarstengt i veke 27 til og med veke 30, altså frå 3. juli til 31. juli. I denne tida er det berre tilgang for dei som har gyldig nøkkelt kort. Sentralbordet og studentsørvis er bemanna i heile ferien og svarar på telefon og e-post. Kantina har siste opningsdagen fredag 23. juni og opnar att etter sommarferien måndag 7. august. Biblioteket er meirope i heile sommarferien for alle som har gyldig nøkkelt kort.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side](#).

Nytt om tilsette:

Marte Helset Engjåberg har teke til som førstekonsulent i studieadministrasjonen
Stig Mork har teke til i fast stilling som driftsteknikar på Eigedom
Ingri-Elise Breivik Rovde har teke til i engasjement som førstekonsulent i studieadministrasjonen
Madeleine Zetterlund Stenhammer har teke til i engasjement som førstekonsulent i studieadministrasjonen
Elaine Munthe har fått forlenga kalling som professor II på AHL
Roe Myklebust Hjelmseth har fått fast stilling som seniorkonsulent ved AMF adm.
Dag Svein Roland har fått fagleg opprykk til førstelektor ved AMF
Kristine Vaadal har fått fagleg opprykk til førsteamanuensis på ASH



Kandidat og opponentar, frå venstre: Disputasleiar og prodekan Wenche Rønning, førsteamanuensis Nayr Ibrahim, doktorand Anke Zondag og Kim-Daniel Vattøy.

Kim-Daniel Vattøy: Andreopponent for første gong

[Førsteamanuensis Kim-Daniel Vattøy](#), AHL, har debutert som opponent på doktorgradsdisputas. Det skjedde då han var andreopponent på Anke Zondag sin disputas måndag 5. juni på Nord universitet, campus Levanger. Dei andre medlemmene av evalueringskomitéen for doktorgradsavhandlinga var førsteopponent Professor Sarah Mercer (University of Graz, Austerrike) og komitéleiar og førsteamanuensis Nayr Ibrahim (Nord universitet). [Her er meir informasjon om disputasen](#).

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. Send tipset også til kommunikasjon. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa.

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her](#).

Gamlem og Vattøy i Acta Didactica Norden

[Professor Siv Gamlem](#) og [førsteamanuensis Kim-Daniel Vattøy](#), begge AHL, har publisert ein artikkel i tidsskriftet Acta Didactica Norden. Artikkelen har tittelen: "[The use of systematic observation in teacher education: Mapping changes in student teachers' perceptions of emotional support](#)."

Donohue har publisert i The European Journal of Applied Linguistics and TEFL

[Førsteamanuensis Natalie Donohue](#), AHL, har publisert artikkelen "[CELTA as 'a safety net': EFL teachers' identity development and professional engagement in their first year](#)", i tidsskriftet The

European Journal of Applied Linguistics and TEFL. Medforfattarar er Martin Lamb (Leeds) og Simon Borg (HVL).

Birgitte Fondevik, Hilde Randi Osdal og Reidun Aambø i "Skriving på norsk som andrespråk"

Fleire HVO-tilsette har bidrege i ei reviderte utgåva av fagboka "[Skriving på norsk som andrespråk - Vurdering, opplæring og elevenes stemmer](#)" (Cappelen Damm). Redaktørar er Anne Golden og Elisabeth Selj.

[Dosent Birgitte Fondevik](#), AHL, har skrive kapittel 2: "Kartlegging og vurdering av skriveferdigheiter på andrespråket".

[Førstelektor Hilde Osdal](#) og Reidun Aambø (em.), begge AHL, har skrive kapittel 12: "Internasjonale studentar og akademisk skriving. Korleis kan norskstudia førebu studentane?"

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no

Fagseminar: Frå barnehagebarn til nynorskelev – den språklege overgangen frå barnehage til skule - 8. juni

Ein av dei første store overgangane i livet til borna våre er steget dei tek frå å vere eit barnehagebarn til å vere elev i eit klasserom. Kva skjer med språket til barna i møte med denne nye kvardagen, og korleis møter me desse språkbrukarane på best mogleg måte? Fagseminaret er eit samarbeid mellom Nynorsk kultursentrum, Høgskulen i Volda og Nynorsksenteret og er eit av arrangementa under dei nynorske festspela. [Les meir om seminaret på nettsidene våre.](#)

Akademiet Yngre forskarar vil ha 10 nye medlemmer - frist 11. juni

Akademiet for yngre forskarar (AYF) har no opna for å ta inn 10 nye medlemmer. Frist for å melde seg er 11. juni 2023. Aktuelle søkarar må vere under 40 år, og medlemskapet varer i 4 år. Akademiet ønskar seg forskarar frå alle typar institusjonar fagfelt og stillingskategoriar. Kriteria for medlemskap

er omfattande og sjølvstendig forskning eller kunstnarleg arbeid, at ein har interesse og høve tilå delta i AYF sitt arbeid. [Her er utlysingsteksten.](#)

Utlysing av professor/dosentstipend - søknadsfrist 20. juni 2023

Forskingsadministrasjonen har lyst ut professor-/dosentstipend med søknadsfrist 20. juni 2023. Stipendmottakarane blir valde ut på første møte i forskingsutvalet hausten 2023 etter innstilling frå ein kommisjon peika ut av rektor. Dei som søker om stipend må ta til med arbeidet 1. januar 2024. [Les meir om ordninga på nettsidene våre.](#)

Fjordkonferansen - 20.-21. juni. Tema: Samarbeid

Fjordkonferansen 2023 blir arrangert i Loen 20 og 21. juni og temaet er Samarbeid. Dette er ein tverrfaglig konferanse og nær sagt alle typar samarbeid er velkome, men er spesielt invitert til faglege bidrag som kan koplast til tverretatlig og anna offentleg samarbeid, samarbeid i næringslivet, samarbeid mellom offentlege, og/eller kommersielle og ideelle aktørar, tverrprofesjonelt og tverrfagleg samarbeid, samarbeid mellom profesjonsutøvarar og brukarar, og kunstnarlegssamarbeid. [Les meir om Fjordkonferansen og Fjordantologien på nettsida til konferansen.](#)

Felles sommaravslutning i kantina 23. juni kl 12.00

Alle tilsette på HVO er inviterte til felles sommaravslutning i kantina fredag 23. juni kl 12.00. Det er også ei rekke andre markeringar av års- og semesterslutt på Høgskulen i Volda. Avdelingane har sine sommaravslutningar på desse datoane: AHL 14. juni, AKF 14. juni, ASH 16. juni, AMF 22. juni

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer - løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhendebrv frå Læringsverkstaden.](#)

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Rådgjevar for barnehage og skulebasert kompetanseutvikling](#) - søknadsfrist 11.6.2023
[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) - søknadsfrist 15.8.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Våren 2023:

8.6.2023: [Fagseminar om overgangen frå barnehagebarn til nynorskelev](#), HVO
15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste møte i styreperioden)
20.-21.6.2022: [Fjordkonferansen](#), Loen
23.6.2023: Felles sommaravslutning for alle tilsette, BK Kantina

Hausten 2023:

1.8.2023: Ny fireårsperiode for styre, rektorat og 3 dekanar
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
15.8.-29.8.2023: [Fadderveka 2023](#)
4.-9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
21.-24.9.2023: [Animation Volda](#)
27.-28.9.2023: [Karrieredagane](#), Ørstahallen
26.-27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret
8.5.-9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)
30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

18.5.2023: [Tilstandsrapporten 2023: Kva står der om Høgskulen i Volda?](#)
[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)
[ØrstaVolda.no](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)
[Tiktok](#)
[Facebook](#)
[Instagram](#)
[Youtube](#)
[Finn-ein-forskar](#)
[HVO-blogger](#)
[Nynorsksenterets blogg](#)
[Fjordkonferansen](#)
[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)
[Offentleg journal \(postliste\)](#)
[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)
[Studentradioen](#)
[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)
[Radio Volda](#)
[Nærsynet](#)
[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)